

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 16/184 -
Arkivkode: 504

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utvaksaknr.	Utvål	Møtedato
PS 21/16	FORMANNSKAPET	01.03.2016

REGULERINGSPLAN VÅGE SENTRUM

Vedlegg:	1.	Plankart	rev.01.02.16
	2.	Reguleringsføresegner	rev.01.02.16
	3.	Planskildring	rev.01.02.16
	4.	ROS-analyse	rev.01.02.16
	5.	Vurderinger i høve til Naturmangfallslova	02.02.16
	6.	Konsekvensutgreiing	rev.01.02.16
	7.	Vurdering av innkomne merknader	02.02.16
	8.	Rapport rådgivende biologer	18.01.16
	9.	Saksframlegg sak 12/1196	17.06.14
	10.	Merknadar til planframlegg.	

SAKSUTGREIING:

Når det gjeld bakgrunn for planarbeid syner me til vedlagt saksutgreiing i sak 12/1196.

Hovudgrunnen for at saka no kan takast opp igjen er at planforslaget har vore gjennom fleire vesentlege endringar etter at den var til offentleg ettersyn i 2014.

Endringane er vurdert til å vera av ein slik karakter at planen på nytt må leggast ut til offentleg ettersyn med tilhøyrande merknadsfrist.

Områda som tidligare låg som naustføremål langs vågsneset er erstatta med bustadføremål. Naust er lite føremålsteneleg med den retning Våge sin sentrumsutvikling ynskjer å ta, planen legg opp til ein fortetting av bustader i dette området.

Byggegrensa er sett i sjø, slik at det kan byggast heilt ned i sjøkanten, dette vil styrke Våge sin identitet som ein tettstad ved fjorden.

Når ein legg til rette for bustader langs heile indre Våge hamn så er det difor særskilt viktig at ein held fast ved dei areala som framleis skal vera tilgjengeleg for allmenta, som torg, offentleg

kaianlegg, badeplassar og dei få eigedomane som framleis skal ligga att som naust, desse area-ala vil sikre at sjøfronten ikkje vert heilt privatisert.

Dette er igjen i samsvar med overordna rammer og føringar for tiltak i 100 m-beltet der det mellom anna står: « i områder der all tilgjengeleg utbyggingsareal ligg innafor 100 meters- beltet vil kommunen ha tilgang til å tillate tiltak for å ivareta omsynet til ei fornuftig sam- funnsutvikling. Omsynet til ålmenn tilgjenge gjennom t.d. kyststi, friluftsområder og liknande skal ivaretakast.»

Utfyllingsplanane i Svevågen vart stogga etter funn av raudlista østers (*Ostrea edulis*). Det har etter den tid vore ein ny justering av raudlistestatusen til østers, den er no nedklassifisert frå sterkt trua (EN-endagered) til nær trua (NT) som vert nytta når ein art har 5 % eller mindre sannsynlighet for utdøyning innan 100 år.jf. rapport Rådgivande Biologar AS

Då østers finns naturleg frå Marokko til Helgelandskysten ser ein no ein moglegheit for at funn av østers i Svevågen ikkje lenger vil føre til motsegn mot utfylling og etablering av planlagt torg og andre offentlege møteplassar sentrumsplanen for Våge legg opp til.

Den siste vesentlege endring av planen er, at tankane om ein gjennomgåande øvregate er for- kasta, då den ville kreva meir enn den gav til dei eigedomane som skulle nytta den nye veg- løysinga.

Andre merknader etter tidlegare offentleg ettersyn er kommentert i eige dokument eller teken inn i planarbeidet. Merknader som er komne direkte inn til administrasjonen i samband med at planarbeidet starta opp igjen vert lagt som vedlegg til saka.

Områdeplanen er utarbeidd av konsulentfirmaet Omega Areal AS i samarbeid med kommunen si arbeidsgruppe. Den politisk-administrative arbeidsgruppa har vore den same som ved utarbei- ding av førre saksframlegg, med ein utskifting på administrasjonssida.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til områdeplan for Våge sentrum lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring.

Frist for å gje fråsegn vert sett til 15.april 2016.

VEDTAK I FORMANNSKAPET 01.03.2016:

I samsvar med innstilling.